Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7 (Skav)
Tilleggsspørsmålnr. 7
Emne: Skav
Oppskr. av: Svein Malen.
(adresse): Soknedal p.å.

Fylke: Sør-Trøndelag.
Herad: Budal - Soknedal.
Bygdelag: Eendal i Budal og Hovs-grenda i Soknedal.
Gard: Sorley Malen i Eendal. (Etter eiga røynsle.)
G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Optegninga frå Hov er etter den sytti år gamle bonden Larnt Lillebordal, Soknedal.

SVAR

1) Sammanm på hjelpefór kalla dei raskfór på Malen i Budal (Fødestaden min) Med raskfór meinte dei det som eg her skal nemna (i dialektform):
Lôv, bårk-(skav), kròtt, hesflóng (rósslyng) og kleinvore myrhøy kalla dei og for raskfór, men det var vel helst kvaliteten som hadde gjr dei innskolet til at dei rekna dette for raskfór. Elles kjem denne dialektnemninga av verbet raske, å raske saman hitt og hott.
Ein kunne soleis høyra det vart sagt: „È kà no raska attåt lite gramm då", eller - litevet da".
Utanom beinveges svar på dei ymse spørsmåla skal eg her nemna noko om høy:
Kulturføret kallar dei her på hakkom frøhøy, og ein noko kleinare kvalitet kalla dei småfrø-(høy.) Skogshøyet vart anten kalla markahøy eller vallhøy. Eg har høyrd ein som er atta frå Rennebu bruka ei halvtysk nemning for skogseng, nemleg holteng.

10065

Fóret skulle då verta <u>holtgras</u>,
men <u>holthóy</u> – som det då og
logisk skulle vorte heitande, kan – etter
mi meining – umogeleg smelta inn
i norsk språkbruk, men kanskje – ?
Elles har me myrgras – (hóy), som og
er eit slags skogshóy, men av mykje
ringare kvallitet enn vallhóyet.

sp. 2) Svara vert her dei same som på sp. 1

sp. 3) I Búdal og Soknedal heitter det
skåvvå i alle tidhóvne. Men eg er
ikkje so viss om ikkje morfar bóygde
det på denne måten: Skåvvå, skov, skóvvi.
Hadde rotordet vore analogt med verbet
<u>vera</u> so skulle bóyginga vorte som
ovanfor nemnd, for det heitter nemleg:
è verv, è vov, og – è hå vòvvi.

sp. 4) Skav vart nytta mykje både i Búdal
og Soknedal som ordinert attåt fór i
eldre tider. I dei seinare tider har
det og vore nyttas, men då mest i vårknipa.

sp. 5) Alm og lind finns ikkje i Búdal, heller
ikkje so mykje raun eller osp, so det
vart for det meste bjórka dei hadde å
ty til. I Soknedal har dei noko osp,
men heller ikkje her er det noko nemn-
ande av andre lauvskogslag omframt
bjórka. Furru brukte dei ikkje å
skava, det eg veit, men dei hogg av
hóvelege lange furrukvistar, <u>ut. kvista</u>,
og sette opp i sauegardane (bingane), og
sauene fekk då syte for skavinga
sjølve, og det greidde dei fint. Dei kunne
gnaga kvistane so reine at det snaut
nok fanns att ei einaste flis av borken.
Dei kalla då og dette for <u>gnav</u> – (kvesta.)

10065
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

6) Har aldri høyrd ordet skav (skjevla) nytta om noko visst treslag.

7) Mormor las dette rimet som her er nemnd på sin eigen måte, og det lydde soleis:

„Klmen gjåe, raunen fôe,
sølja svelte, via velte,
hegg sett mej i legg".

8) Det var berre kyrne som fekk skav, det eg veit – og har høyrd.
Skavet kunne stundom verta blanda saman med høyet, men helst vart det havt i trebøtter (sørpbøtter), og bløyt i lunka vatn eller einerlåg (enlau)
Som det går fram av svaret på sp. 5 var det godtsom berre bjørk dei skava her. Elles heitte det seg i Budal og at skav av raun var svert gildt.
I Soknedal brukte dei mykje ospskav (skav av osp.)
Det var ei ålmen meining at skav av ungvaksne tre var betre enn skav av svert gamle tre.
Skavlågen brukte dei på jamnan å noko mjølsåre i, men elles likte kyrne denne lågen utan noko mjøl i og.

9) Mormor heldt det fore at det vart både meir og betre smør når ein fôra med høvelege mengd skav.
Orsaken til dette kunne kanskje liggja i at det var heller skralt med stråforet mange stader i mormors tid. Som døme på kor skralt det kunne vera kan eg nemne at det var eit vanleg samrådemne å spyrja kvarandre

10065

10065

RSK ETNOLOGISK GRANSKING

etter kor mange reskjyr dei hadde
når dei råka krasandre ved kyrkja
då dei gjekk til vårmessa,
som det heitte.
Reskjyr var kyr som var so utsvoltne
at dei laut stød dei opp i båsen
når dei skulle mjølka dei, og
det då var sjå til ein liten mjølke-
skvett i jura deira. På same
viset laut dei sjølsagt stød dei
når dei skulle sleppa dei
ut på vårbeite.

10) Heime hjå oss hadde dei berre
to kyr, og då vart det nok skav
av den bjørka dei hogg til dofang.
Hessjeveden skjer ein (skav dei)
med bandkniver, men denne
veden laut allerhelst vera gran,
og granbark kunne dei ikkje
nytta til krøtyrfôr.
Granborken brukte dei ikkje
til anna enn barking (garving
av lêr), det eg veit.

11) Veit ikkje anna svar å gje her
enn at dei dreg til skogs, eller
dreg på skogsarbeid.

12) Har ikkje høyrd anna namn
i samband med dette enn skavved.

13) Verbalforma marka er ukjend
for meg. I Bydal og Sokndal
seir dei å ta lôv, brôtt og mâsså.

14) Skavveden måtte - på same
viset som lauvet - ikkje takast
før ut på haustkanten.
Tok ein han tidlegare vart skavet
for sterkt (beiskt) i smaken, truleg
av garvestoffa. Elles hogg dei mykje
skavved utpå framvinteren og. Har ikkje høyrd noko om

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
10065

Einmersen 7

15) På store gardar der dei skulle skava noko som noko var, heldt dei seg attmed vedskjølet med skavinga. Med mindre skavingsarbeid kunne dei halda til inne i stova eller eldhuset.

16) Til småskaving brukte dei berre tollekniv. Men bonde Arnt Lillebordal i Sokndal (70 år gamall) fortalde dette: Jens Einmersen Bordal (f. 1854) var i 1870 i Mittstun Hov på skavarbeid. Det var store, lange aspestrangar han skava, og han brukte då ein vanleg bandkniv å skava med. Dei hadde akkord på dette arbeidet i dei tider, og det kunne hende at dei vart freista til å ta lange skavtak når stokkane var fine nok til det, men slikt skulle det ikkje gjerast, - dei skulle karva av skavet soleis at det vart små bitar. Betalinga vart rekna pr. tynne skav, men kor mykje dei hadde kunne ikkje hr. Lillebordal hugse. Var det grov bork eit stykke oppetter på rotenden av strangane (stokkane) laut dei rævle (ræule) av det gróvste med øks før dei tok til med skavinga. Den kvi og grove borken kunne nemleg ikkje brukast.

17) Det var på jamnan same omgangsmåten for skavingar av lange skavstokkar som for hesjestenger. Dei kunne mykje godt bruka sagbukken (sagkrakken) å leggja eine enden på, eller dei kunne og ha ei kluftgrein.

10065

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

18 og 19) Om framgangsmåten for skaving av ospved viser eg til svaret på sp. 17 — Elles veit eg ikkje om andre måtar å skave på enn dei eg har nemnd i svaret på sp. 10
Når dei skulle skava bjørk lauf dei vermde gjerne skiene inne ved årelden (peisvarmen) for at nevra kunne losna av. Til skaving av bremneveden brukte dei som før nemnd berre tollekniven, og då satt dei attmed åren med arbeidet.

20) Veden ein hadde skava nemnde ein med desse namneformene alt etter som det høvde:
Skavskie, skavskið — ômer, dat. -ôm skavved, skavvið, skôrvinneved — in.

21) Her brukte ein berre forma skav for avskava bork. Når ein hadde bløyt skavet kalla ein løgen for barklau. Dette skulle vera sers god drekk åt kyrne. Jamf. sørpe av høi og halm.

22) Svaret her går fram av svara på sp. 18 og 19.

23) Svar: Skôrvaskie, skôrvinneskið, skôrvinneve, skôrvinnekoldee — fl. kebbea.

24) Skavet skulle vera so finskoret som råd var.

25) Til bakstrved for flatbrødbaking nytta ein helst lange, beine skiar av løpbjørk og barkabjørk.

26) Her på trakten vart det so godt som slutt med skavføring for umlag 25 — 30 år sidan.

NB. Tilleggslista har eg ikkje kunnskap nok til å svare på no. Skal prøve seinare.

10065

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING